

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Sunnfjord kommune

Dato: 07.04.2025

Deres ref: 21/11736

NIBIO

Postboks 115, 1431 Ås

Tlf: 406 04 100

post@nibio.no

nibio.no

Org. nr: 988 983 837

Innspel til Temaplan landbruk 2025 - 2035

Vi viser til høyring av utarbeidd framlegg til temaplan Landbruk for 2025-2035. Faglege vurderingar er gjort av stasjonsleder Synnøve Rivedal, ved NIBIO stasjon Furuneset.

NIBIO ser det som positivt at det blir utarbeidd ein landbruksplan for Sunnfjord kommune. Det er særleg kapitlet *Samfunnskritisk kunnskap* vi ynskjer å kommentere på. Det er positivt at det blir lagt vekt på rekruttering og godt omdømme. Vi saknar likevel meir fokus på forskning og utvikling:

- Kva er næringa sitt behov for ny kunnskap?
- Korleis sikre at forskingsmiljøa blir informert om næringa sitt kunnskapsbehov, som grunnlag for at vi kan utføre forskning som er mest mogleg relevant for næringa?
- Korleis kan forvaltinga i kommunen halde seg oppdatert på ny kunnskap og nye tenester frå NIBIO og andre forskingsmiljø?

Etter vår vurdering bør planen og ha eit større fokus på nedbygging av jordbruksareal. Det er positivt at ein vil hindre at areal går ut av drift, men desse areala er ofte marginale sett i forhold til dei areala som blir bygde ned. I pressområde som Førde er dette særleg viktig i planlegging av infrastruktur, industri og handel. Her er det viktig med samarbeid på tvers av fagområda i kommunen.

Av anna konkrete tema som vi ser som viktig å arbeide med framover og som bør viast plass i temaplanen vil vi nemne:

- Klimatilpassa grovfôrproduksjon: Korleis oppretthalde grovfôravlingane i eit endra klima?
- Berekraftig fôr: Kan vi redusere bruken av kraftfôr og bruke meir av utmarksressursane?
- Gjødseleksforskrifta: Korleis vil denne påverke jordbruksproduksjonen i Sunnfjord?
- Biogass og bruk av biorest



NIBIO

- Hjorteskade på eng og skog: Korleis oppretthalde avlingar og redusere skade på skog?

NIBIO, her under vår avdeling på Fureneset, bidreg gjerne med oppfølging av handlingsplanen for å styrke samarbeid og samhandling innan landbruket.

Med vennlig hilsen

Per Stålnacke

Forskningsdirektør, NIBIO